

Vanylven kommune
v/ordfører Lena Landsverk Sande
6143 Fiskå

Fiskå 5.02.2021

Handlingsplan Vanylven Utvikling as - 2021

Vanylven Utvikling as hadde på styremøte 20. januar oppe sak 05/2021:

Handlingsplan Vanylven Utvikling - 2021

Vedtak: *Vanylven Utvikling oversender sak; Handlingsplan 2021 til politisk handsaming.*

Vanylven Utvikling as bed no om at Vanylven kommune tek opp sak for godkjenning av handlingsplan for Vanylven Utvikling 2021

Mvh

Vanylven Utvikling as
v/Tor Inge Nygård, dagleg leiar

HANDLINGSPLAN 2020

Vi har i 2020 lagt bak oss eit veldig spesielt år med korona-pandemi der fleire bedrifter i Vanylven har fått merka delvis nedstenging og som har vore gjennomført sidan mars 2020. Særleg innan reiselivet har 2020 vore eit dårleg år, der lyspunktet var ein auke av norske ferieturistar i juli/august. På dette tidspunktet kunne ein kanskje ha dobla kapasiteten. Vi må nok anta at situasjonen for 2021 vil bli lik sommaren-sesongen 2020.

Andre bransjar som byggvarer, interiør – kort sagt bransjar som har med oppussing/renovering av bustader/fritidsbustader å gjere, har lagt bak seg eit positivt år omsetningsmessig.

I Vanylven har vi vore heldige og unngått større permitteringar i næringslivet. Vi har heller ikkje dei høge tala på arbeidsledige slik vi har sett i bl.a. kommunane Herøy, Ulstein og Hareid.

I denne situasjonen har det ikkje vore lett å gjennomføre dei tiltak som var prioriterte på handlingsplan for 2020. Prioriteringa har vore prosjekt retta mot kompetanseheving/omstilling Vanylven Utvikling har og prioritert å stille opp for lokalt næringsliv med råd og veiledning, ikkje minst moglegheitene som etterkvart kom gjennom ekstra tildeling av næringsfondstøtte på grunn av corona-situasjonen og som vart tildelt alle kommunane i Møre og Romsdal.

Vanylven kommune fekk tildelt kr. 1.289.863 til ekstraordinære kommunale næringsfondmidlar og har gjeve støtte til 9 søknader med tilsaman kr. 1.003.385,- i 2020.

Dei nye møteplassane har no vorte digitale plattformer som Teams og Zoom. Nedstenginga har ført til at det ikkje har vore høve til å arrangere større samlingar for næringslivet i Vanylven men på slutten av året arrangert Vanylven Utvikling «næringspub» rundt om i kommunen og som det var god deltaking på. Dette er noko vi vil vidareføre også i 2021.

Dei siste åra har registrering av nye selskap vore stabil i Vanylven med rundt 30-35 nyregistrering av enkeltmannsforetak og aksjeselskap pr. år. I 2020 vart det registrert 34 ny foretak. 11 aksjeselskap, 23 enkeltmannsforetak. Av desse var 5 registrert innan landbruk.

STATUS & UTFORDRINGAR

Å ha fokus på nye bærekraftige næringar som i framtida kan skape eit attraktivt bu- og arbeidsområde i Vanylven er svært viktig.

Tradisjonelt var Vanylven på 70-, 80-talet ei landbrukskommune der kombinasjonen med fiskeri og mindre industriarbeidsplassar var livsgrunnlaget. Vi fekk då etableringar med mekanisk industri på Fiskåholmen v/Ulstein Verft og i Korsfura v/Kleven Verft.

Desse selskapa har no lagt ned aktiviteten i Vanylven og kompetansen i desse miljø har no «smuldra opp» og vi har gjennomgått eit omstilling som vi no etterkvart ser effekten av.

Tre bedrifter i Vanylven; **Strand Stillas**, **Prodtex Industrier** og **Rovde Møbel & Design** har etablert miljø der det er teke i bruk ny teknologi, robotisering, ny sveiseteknologi - noko som tiltrekk seg yngre medarbeidarar der det er behov for programering og digitalisering i produksjonen.

Vi har også bedrifter i Vanylven som har etablert gode nettbutikk-løysingar (Sparelys, Strand Stillas) der det dagleg vert sendt varer frå Vanylven for distribusjon over heile landet.

Desse to bedriftene omset for ca 50 mil på netthandel.

Hofseth as i Syvde er ei av dei bedriftene som har størst omsetning i regionen og sysselset i dag ca 100 personar på gamlemeieriet i Syvde. Produktet, singelpakka laksefilear, som bedrifta produserer, går til eksport til USA, Tyskland, England og Asia. Hofseth as omsette i 2019 for 1,4 mrd.

REISELIV

Ved inngangen til 2020 vart det starta opp ei felles reiselivssatsing mellom kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven finansiert av kommunane og Møre og Romsdal fylkeskommune. Gjennom dette prosjektet har det vore fokus på produktutvikling og samarbeid. Resultatet er at mange reiselivsaktørane i regionen har fått mogelegheitene til å gjere produkta book-bare gjennom ein felles portal. Vanylven har her vore bidragsytarar for mangfald både på overnatting, aktivitetar og guiding. Dette prosjektet vil halde fram også i 2021.

PROSJEKTSTILLING

Vanylven Utvikling ynskjer for 2021 å få på plass ei prosjektstilling knytta til reislivsutvikling og synergjar av Stad skipstunnel, og som skal ha som oppgåve å skaffe oversikt over nye potensielle utleigeobjekt, der målsetting vil være å tilrettelegge for tenester innan drifting/booking og ettersyn av utleigeobjekt og ikkje minst knytte dette opp mot guidetenester og aktivitetar.

STAD SKIPSTUNNEL

Årets gladmelding var at i forbindelse med statsbudsjettet for 2021 der det no er avsett oppstartsmidlar for Stad skipstunnel. Dette betyr at prosjektet no er klar for anleggsoppstart allereie primo 2022.

Vanylven kommune har no etablert ei eiga synergigruppe som skal sjå på moglegheitene for mottak av tunnelmasse i Vanylvsfjorden. Kravet om ferdig regulerte prosjekt må være klar i løpet av 2021, seinast medio 2022.

Stad skipstunnel vil gi store moglegheiter for næringsutvikling i regionen og ikkje minst vil reiselivet kunne skape ei positiv utvikling der skipstunnelen vil få status som ein verdsattraksjon. Her må ein være klar for trafikken som kjem både på sjø og land.

ROVDEFJORDSAMBANDET

Utfordringane for Vanylvsamfunnet vil no framover være å arbeid for betre infrastruktur nord/sør langs fylkesveg 61.

Rovdefjordsambandet har no fått på plass ei oppdatering av forprosjektet der ein no har endra alternativet med nedsenka rørbru og rundkøyning på Saudeholmen til å få etablert ei høgbru på 45 m seglingshøgde frå Saudeholmen til Storeneset. Alternativt er det også sett på ei løysing med svingbru over Saudesundet.

Det er no opp til MRFK og Kystverket å få redusert kravet om 70 m seglingshøgde i Rovdefjorden for at fjordkryssingsprosjektet kan realiserast.

HANDLINGSPLAN VANYLVEN UTVIKLING 2021

I handlingsplan for 2020 var det avsett kr. 500.000,- til hovudpunkta; omdømebygging, reiseliv, samferdsel og næringsutvikling.

Ved utgangen av året vart det brukt kr. 278.000,- av avsette midlar og restsummen vert overført til handlingsplan for 2021.

I gjeldande aksjonæravtale er det lista opp kva prioriterte arbeidsoppgåver som er lagt til Vanylven Utvikling.

Selskapet skal:

- være kommunalt næringsapparat – samarbeidsorgan kommune - næringsliv
- gi service og bistand til småbedrifter, gründerar, rettleiing og hoppid.no-kontor
- være kompetansesenter for omstilling og utvikling
- være initiativtakar i nærings- og næringsrelaterte saker
- prioritere omdømebygging, marknadsføring, profilering og rekruttering
- han ansvar for fondsforvaltning, kommunalt næringsfond, hoppid-midlar, saksframlegg til kommunalt risikofond
- alliansebygging, skape/leggje til rette for møteplassar
- prosjektarbeid/prosjektstyring
- sakshandsaming og administrasjon/sekretariat for styrande organ i selskapet.

Vanylven Utvikling vil i 2021 prioritere ei prosjektstilling innan reiseliv og synergjar i forhold til Stad skipstunnel om moglegheitene vi ser ved realisering av skipstunnelen.

For 2021 er det lagt fram fylgjande budsjett for handlingsplan Vanylven Utvikling ved bruk av RDA-midlar:

Omdøme:

Div. felles annonsering/sommeravis	50 000
------------------------------------	--------

Reiseliv:

- Kommunalt medlemskap DÅS	100 000
- Prosjektstilling reiseliv/synergier Stad skipstunnel	350 000

Næringsutvikling:

- Næringsareal/marknadsføring	50 000
- Nettverkssamlingar/møteplassar	<u>100 000</u>
	650 000